

Vestlandsrådet

Saksutredning:

VR-sak 10/15: MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 28.05.2015

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

Meldingsaker:

M-sak 4/15 Referat fra AU-møte 190315

M-sak 5/15 Region/kommunereform. Vedtaka i fylkeskommunene

M-sak 6/15 Digitalt indre marked i EU

M-sak 7/15 Fergesak. Spørsmål om møte med Samferdselsdepartementet, og svaret.

M-sak 4/15 Referat fra AU-møte 190315

REFERAT FRA VIDEOMØTE: AU-MØTE TORSDAG 190315 KL 0900-0940

Deltakere: fylkesordførerne Jon Aasen, Tom-Christer Nilsen og Janne Johnsen. Ole Inge Gjerald var «observatør» på vegne av fylkesordfører Åshild Kjelsnes. Møtet ble ledet av Janne Johnsen

Referent: sekretariatsleder Odd Erik Hansgaard

AU-sak 4/15 Referat fra AU-møte 190115

REFERAT FRA TELEFONMØTE: AU-MØTE MANDAG 190115 KL 1000-1040

Vedtak:

Referatet fra møtet i AU 190115 godkjennes.

AU-sak 5/15 Referat fra ekstra AU-møte 050215

**REFERAT FRA MØTE: EKSTRA AU-MØTE TORSDAG 5. FEBRUAR 2015,
ETTER VESTLANDSRÅDETS MØTE PÅ RADISSON BLU HOTELL,
GARDERMOEN**

Vedtak:

Referatet fra møtet i AU 050215 godkjennes.

AU-sak 6/15 Høringsuttalelse om NOU 2014:16 Sjømatindustrien

Høyringsssvar - NOU 2014:16 Sjømatindustrien

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet er positiv til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
2. Vestlandsrådet meiner det er viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande- og fagskule, og at det er sterke utdanningsmiljø på høgskule- og universitetsnivå for sjømatindustrien i regionen.
3. Vestlandsrådet er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/hygiene, arbeidsforhold og –vilkår, miljø m.m.
4. Vestlandsrådet er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten. Førsetninga for fritt reiskapsval er at kvotefordeling mellom gruppene ligg fast. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylker/regionar vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.
5. a) Vestlandsrådet er positiv til å oppheve dei geografiske/regionale avgrensingane for sal, og forenkle dagens system i høve å redusere antal fartøygrupper i forhold til kvotefordeling og strukturkvoter.
b) Vestlandsrådet er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy (oppheving av strukturkvoteordninga)
6. Vestlandsrådet er imot forslaget om å endre aktivitetskravet i §6 i deltakarlova for kun å gje tilgang til sjømatindustrien til å eige fiskekvoter. Det synes urimelig med ubalanse i rett til eierskap der flåten fritt kan eie på land, men ikke motsatt. Næringen bør gis større muligheter til vertikal integrasjon, og til fritt å organisere virksomhet for å optimalisere verdiskaping og produksjon.
7. Vestlandsrådet er positiv til å avvikle leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
8. Vestlandsrådet meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. Fiskesalslaglova per i dag.
9. Vestlandsrådet er positive til forvaltning som gir større stabilitet og mindre aktivitetstopper.
10. Vestlandsrådet meiner at regelverket bør ha meir forutsigbare og nøytrale kriterier for tildeling av nye konsesjonar, og legge til rette for en forutsigbar vekst. (Det bør også arbeidast for ein betre samordning av de ulike forvaltningsorgana som havbruksnæringen må forholde seg til, for å korte ned saksbehandlingstid og for en meir forutsigbar saksbehandling.)

Vestlandsrådet

11. Vestlandsrådet meiner at det bør vurderas større fleksibilitet / meir like vilkår for små og store aktørar når det gjelder å utnytte MTB og muligheiter til å flytte biomasse.
12. Norge er ein råstoffeksportør, - også i marin samanheng. Vestlandsrådet ser at økt grad av bearbeiding av marint råstoff vil være ein viktig faktor i arbeidet med å styrka og vidareutvikla kystnære samfunn og i å bidra til økt verdiskaping lokalt, regionalt og nasjonalt. Vestlandsrådet ønskjer at dette må vektleggast i arbeidet med vidareutvikling av den norske sjømatindustrien.

Det ble fra Tom-Charister Nilsen tatt om forslag til nytt pkt 1 lydende:

«Vestlandsrådet ber styresmaktene å leggja vekt på arbeidet med å sikra fri marknadsadgang for norsk fisk internasjonalt.»

Nilsen foreslo også et nytt punkt, i vedtaket pkt 12:

«Vestlandsrådet vil støtte oppretting av ei voldgiftsordning som kan tre inn ved usemje om fastsetting av salsvilkår for fisk.»

Vedtak:

1. Vestlandsrådet ber styresmaktene leggje vekt på arbeidet med å sikra fri marknadsadgang for norsk fisk internasjonalt.
2. Vestlandsrådet er positiv til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
3. Vestlandsrådet meiner det er viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande- og fagskule, og at det er sterke utdanningsmiljø på høgskule- og universitetsnivå for sjømatindustrien i regionen.
4. Vestlandsrådet er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetning, mattryggleik/hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, miljø m.m.
5. Vestlandsrådet er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten. Førresetninga for fritt reiskapsval er at kvotefordeling mellom gruppene ligg fast. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylker/regionar vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.
6. a) Vestlandsrådet er positiv til å oppheve dei geografiske/regionale avgrensingane for sal, og forenkla dagens system i høve å redusere antal fartøygrupper i forhold til kvotefordeling og strukturkvoter.
b) Vestlandsrådet er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy (oppheving av strukturkvoteordninga).
7. Vestlandsrådet er imot forslaget om å endre aktivitetskravet i §6 i deltakarlova for kun å gje tilgang til sjømatindustrien til å eige fiskekvoter. Det synes urimelig med ubalanse i rett til eierskap der flåten fritt kan eie på land, men ikke motsatt.

Vestlandsrådet

Næringen bør gis større muligheter til vertikal integrasjon, og til fritt å organisere virksomhet for å optimalisere verdiskaping og produksjon

8. Vestlandsrådet er positiv til å avvikle leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
9. Vestlandsrådet meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. Fiskesalslaglova per i dag.
10. Vestlandsrådet er positive til forvaltning som gir større stabilitet og mindre aktivitetstopper.
11. Vestlandsrådet meiner at regelverket bør ha meir forutsigbare og nøytrale kriterier for tildeling av nye konsesjonar, og legge til rette for en forutsigbar vekst. (Det bør også arbeidast for ein betre samordning av de ulike forvaltningsorgana som havbruksnæringen må forholde seg til, for å korte ned saksbehandlingstid og for en meir forutsigbar saksbehandling.)
12. Vestlandsrådet vil støtte oppretting av ei voldgiftsordning som kan tre inn ved usemje om fastsetting av salsvilkår for fisk.
13. Vestlandsrådet meiner at det bør vurderas større fleksibilitet / meir like vilkår for små og store aktørar når det gjelder å utnytte MTB og muligheter til å flytte biomasse.
14. Norge er ein råstoffeksportør, - også i marin samanheng. Vestlandsrådet ser at økt grad av bearbeiding av marint råstoff vil være ein viktig faktor i arbeidet med å styrka og vidareutvikla kystnære samfunn og i å bidra til økt verdiskaping lokalt, regionalt og nasjonalt. Vestlandsrådet ønskjer at dette må vektleggast i arbeidet med vidareutvikling av den norske sjømatindustrien.

AU-sak 7/15 Møte med havner på Vestlandet

Det ble ytret ønske om at en burde invitere en privat havn til møtet. Videre var det enighet om at Janne Johnsen representerer Vestlandsrådet men at alle fylkesordførerne blir invitert til møtet. Møtets innhold og lengde ses det nærmere på.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

Saken tas til orientering.

Vedtak:

Saken tas til orientering.

AU-sak 8/15 NOU 2014:14 Fagskolen-et attraktivt utdanningsvalg

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

Fylkeskommunane overtok i 2010 som følgje av Forvaltningsreforma ansvaret for drift og finansiering av fagskoleutdanning. Fylkeskommunane skal ha ansvar for at det fins eit tilbod av godkjent fagskoleutdanning i fylket som tek omsyn til lokalt, regionalt og

Vestlandsrådet

nasjonalt kompetansebehov. Fagskoletilbudet i fylket kan enten realiseras i eigen regi eller gjennom finansiering av private tilbydarar.

Fylkeskommunane på Vestlandet eig og driv fagskolar i eigen regi. Det er derfor naturleg at fylkeskommunen har synspunkt på framtidig finansiering og organisering av fagskolesektoren. Våre fagskolar har tilbod som kor fleire er dyre å drifte for fylkeskommunen, men som er sær s viktige for næringslivet i fylket.

Vestlandsrådet gir slik høyringsuttale til Kunnskapsdepartementet:

Staten bør:

1 Opptakskriterium og studentrettar (tiltak 1,2,3,4,6,9,10)

Fagskoleutvalet peiker på fråvær av heilheitleg opptakssystem, at fagskolesektoren har fleire aktørar å halde seg til, samt at den har ei uklar rolle i utdanningsssystemet.

Vestlandsrådet støttar etablering av ei nasjonal opptaksforskrift for fagskolen – og at denne vert knytt til samordna opptak, at fagskolelova og studentsamskipsnadslova vert endra slik at studentar og fagskolar vert knytt til samskipsnader – slik at studentane sine rettार vert styrka, og at det vert utstedt vitnemål i staden for kompetansebevis.

Vestlandsrådet støtter tiltak 1,2,3,4,6,9,og 10.

2 Synleggjere og auke omdømme til fagskolen (tiltak 5,7,8,11,12)

Fagskoleutvalet meiner at fagskolesektoren er lite synleg og har uklart omdømme.

Utvalet foreslår at synleggjeringa bør skje både gjennom rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring og gjennom karrieresentra i fylkene. Dette vil og bidra i arbeidet med å auke rekrutteringa til fagskolane.

Ein måte å styrke omdømmet på er å innføre graden fagskolekandidat for oppnådd kompetanse etter to års studiar. Utvikling av overgangsordning mellom fagskole og U/H-sektor er og viktig.

Vestlandsrådet støttar tiltaka, men Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at det blir ei anna benevning enn fagskolekandidat. Benevninga bør henge saman med fagretning, til dømes; fagskolenautikar. Dette vil bidra til å auke attraktiviteten til fagskoletilboda.

Vestlandsrådet støttar tiltak 5,7,8,11 og 12.

3 Eigerskap og regional organisering (tiltak 13,14)

Utvalet foreslår både å regionalisere fagskolane til større, robuste einingar (mellom 5 og 9), samt å føre ansvaret for dei offentlege fagskolane tilbake til staten, noko dei grunnjev med manglande utvikling av sektoren.

Vestlandsrådet er til ein viss grad einig i at det trengs større fagmiljø – men meiner at utvalet sitt forslag er for drastisk – og derfor er vanskeleg å støtte slik det no står. Reduksjon i antall fagskolar må vere eit resultat etter ein prosess der partane i arbeidslivet blir høyrte.

Å flytte ansvaret for fagskolane frå fylkeskommunen til staten vil etter Vestlandsrådet si meining ikkje automatisk bety at sektoren får eit løft. Det er mykje meir avgjerande for utvikling både av eksisterande og nye tilboda at staten tar eit større ansvar for å finansiere dei reelle kostnadene for dei ulike fagskoletilboda.

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet meiner at ein må arbeide for å utvikle robuste fagmiljø. Arbeidet med dimensjonering er og enklare med god kjennskap til dei behova næringslivet i fylket har.

Vestlandsrådet støtter ikkje tiltak 13 og 14.

4 Godkjenning og akkreditering (tiltak 15,16,17,18)

Utvalet foreslår å etablere ei godkjenningsordning bygd på institusjonsakkreditering der akkrediterte fagskoler sjølv kan endre eigne utdanningstilbod innafor statlege finansielle rammer.

Vestlandsrådet slutter seg til desse forslaga då dagens system er for tungrodd og tidkrevjande. Ei slik ordning vil og bety langt færre sjølvstendige fagskoler, då dei små fagskolane vil måtte samarbeide administrativt om ei slik ordning – og dei offentlege fagskolane blir stimulert til nærare samarbeid og administrativ samanslåing der dette er hensiktsmessig.

Vestlandsrådet støtter tiltak 15,16,17 og 18.

5 Organisering og representasjonsordningar (tiltak 19,20,21)

Utvalet forslår her å gjøre tydleg sjølvstende til fagskolen gjennom å markere kor viktig rolla til styret er. Forslaget er omtrent likt ei ordning som og finst i U/H-sektoren.

Vestlandsrådet ser ikkje at dei føreslåtte tiltaka vil bidra til å gjøre fagskolen meir tydeleg, eller til å auke attraktiviteten eller effektivisere drifta. Næringslivet må vere sterkt representert i fagskolestyret og fylkesrådmannen ser ikkje at det er naudsynt med ytterlegare presisering i fagskolelova.

Vestlandsrådet ber om at departementet vurderer om studentar og tilsette skal gis stemmerett i styret.

Vestlandsrådet støtter ikkje tiltak 19,20 og 21.

6 Nasjonale fagorgan og kvalitetsordningar (tiltak 22,23,24,25,26)

For å forsterke samarbeidet med arbeidslivet, og auke oppslutninga om og rekrutteringa til fagskoleutdanning meiner utvalet det er naudsynt at staten tar eit sterkare grep om nasjonale fagorgan. Nasjonalt fagskoleråd bør i større grad enn i dag ha ei rolle i forhold til auka samarbeid med arbeidslivet, og bidra til utforming av politikk på fagskoleområdet. Nokut vert peika på som det organet som bør godkjenne kvalitetssystema til fagskolane.

Vestlandsrådet ser at det er eit behov for styrking av fagskolesektoren gjennom desse organa. Når det gjeld arbeidet med dimensjonering av tilbod blir samansetninga av rådet viktig, likedan samarbeid med regionalt næringsliv.

Vestlandsrådet ber om at departementet vurderer om studentar og tilsette skal gis stemmerett i styret.

Vestlandsrådet støtter tiltak 22,23,24,25 og 26.

7 Kompetansekrav (tiltak 27,28,29,30)

Vestlandsrådet

Utvalet har ei oppfatning av at fagskolesektoren har for svak utdanningskvalitet, og at den manglar anerkjenning i arbeidslivet generelt. Utvalet meiner derfor at det å styrke skolanes administrasjon og pedagogiske miljø er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten og relevansen til fagskolane. Dei ser for seg at det å ha færre og meir robuste miljø vil være eit verkemiddel i dette.

Vestlandsrådet ser at det er naudsynt for fagskolane å stå fram som utdanningsinstitusjonar med portefølje som er relevant og med høg kvalitet, som dekkjer det arbeidslivet har behov for av kompetanseheving. Fylkesrådmannen er ikkje sikker på om færre miljø aleine vil bidra til dette, men at dei mange små fagskolane spesielt vil ha nytte av større administrative einingar.

Vestlandsrådet støtter tiltak 27,28,29 og 30

8 Finansiering og dimensjonering (tiltak 31,32,33,34,35,36,37,38)

Når utvalet såg på finansiering av fagskolesektoren kom dei fram til at det er liten samanheng i dei ulike finansieringsordningane.

Dei meiner at sektoren har utilstrekkeleg finansiering, og at finansieringssystema har ein liten grad av forutsigbarheit. Dette gjer at det er mellom anna er vanskeleg å fremje utvikling av nye tilbod, og å aktivt rekruttere til tilbod.

Vestlandsrådet er einig i utvalet si beskriving av dei negative forholda som følgjer av den mangelfulle og uoversiktlege finansieringsordninga.

Det er avgjerande at statleg finansiering dekkjer reell kostnad for dei ulike utdanningane. Fleire fagskolar, som i stor grad tilbyr tekniske og maritime utdanningar, er utstyrsintensive og difor veldig kostnadskrevjande.

Fylkeskommunane bruker difor store summar kvart år for å dekkje underfinansieringa, noko som er naudsynt for å oppretthalde eit sterkt fagmiljø. Dette er og viktig for dei kompetansebehova næringslivet i fylket har. Dette er ikkje berekraftig i lengda. Dekning av reelle kostnader og friske utviklingsmidlar er viktig for nyskaping og utvikling av nye tilbod til næringar i vekst.

«Kandidat-studentmodell med utviklingsmidlar» ser ut til å være den modellen som best dekkjer dei behov for fordeling av midlar som er nødvendig i sektoren.

Dei tiltaka som er foreslått vil vi stor grad støtte, men understrekar at for å lukkas i arbeidet må fagskolane styrkas økonomisk.

Vestlandsrådet støtter tiltak 31,32,33,34,35,36,37 og 38.

Fagskolene bør:

9 Bidra til synlighet og heilheit (tiltak 39,40,41,42,43)

Utvalet meiner at fagskolane sjølv kan bidra aktivt til dette gjennom å satse på kompetanseutvikling, marknadsføring, hospitering og ulike former for samarbeid med arbeidslivet.

Vestlandsrådet er einig i dette, men vil gjerne understreke at dette stiller krav til ei økonomisk styrking av fagskolane då både kompetanseutvikling og marknadsføring kostar.

Vestlandsrådet støtter tiltak 39,40,41,42 og 43

Partane og arbeidslivet bør:

10 Bidra til synlegheit og tydeleggjere behov (tiltak 44,45,46,47,48)

Utvalet meiner at partane ikkje har stilt opp i tilstrekkeleg grad korkje i bruk av fagskolane, eller i å gjere utdanningane kjend. Utvalet trur at danning av fagråd og auking av det regionale samarbeidet vil gje partane betre høve til å engasjere seg tydelegare i fagskolesektoren.

Offentleg sektor har ikkje nytta tilbodet om helsefagskoleutdanning i den grad ein hadde forventa.

Utvalet peiker på at privat næringsliv har hatt eit større engasjement, særleg innanfor dei tekniske faga. Her har samarbeid med dei lokale fagskolene vært godt.

Vestlandsrådet meiner generelt at partane sitt engasjement for fagskolen i fylkene er bra, men at det kan bli enno betre, særleg i høve det å bidra til auke i skoleslaget sin attraktivitet.

Vestlandsrådet støtter tiltak 44,45,46,47 og 48.

U/H-sektoren bør:

11 Sikre hensiktmessig overgang og læringsutbytte (tiltak 49)

Andre kommentarar:

Fagskoleutvalet har i kapittel 8 i NOU-en ein diskusjon om å fortsette med fagskolepoeng, eller innføre studiepoeng i fagskolane. Utvalet er delt i synet på dette, og det kjem fram argument for begge syn.

Vestlandsrådet vil støtte at fagskolene får innføre studiepoeng på linje med anna tertiærutdanning.

Innføring av studiepoeng vil bidra til å auke fagskolens status og attraktivitet og vil gi bedre overgangsordningar i utdanningssystemet.

Konklusjon

Vestlandsrådet slutter seg til dei aller fleste tiltaka i NOU-2014:14 med dei kommentarane som kjem fram under kvart punkt, og meiner at dei vil bidra til utvikling av ein meir heilskapeleg politikk for fagskolesektoren, og sikre ei betre finansiering av tilboda.

Vestlandsrådet støtter ikkje utvalet sitt forslag om overføring av ansvaret for fagskolesektoren til staten, og vil heller ikkje støtte forslaget om ein så kraftig reduksjon i talet på fagskoler som det utvalet legg opp til.

Tom-Christer Nilsen foreslo at følgende ble tatt inn i pkt 3:

«Ein statleg overtaking av fagskolen vil gjere det vanskeleg å koordinere tilbodet med næringslivets behov i regionene.»

Forslaget ble vedtatt enstemmig.

Vedtak:

Vestlandsrådet

Fylkeskommunane overtok i 2010 som følgje av Forvaltningsreforma ansvaret for drift og finansiering av fagskoleutdanning. Fylkeskommunane skal ha ansvar for at det fins eit tilbod av godkjent fagskoleutdanning i fylket som tek omsyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov. Fagskoletilbodet i fylket kan enten realiseras i eigen regi eller gjennom finansiering av private tilbydarar.

Fylkeskommunane på Vestlandet eig og driv fagskolar i eigen regi. Det er derfor naturleg at fylkeskommunen har synspunkt på framtidig finansiering og organisering av fagskolesektoren. Våre fagskolar har tilbod som kor fleire er dyre å drifte for fylkeskommunen, men som er særskilt viktige for næringslivet i fylket.

Vestlandsrådet gir slik høyringsuttale til Kunnskapsdepartementet:

Staten bør:

1 Opptakskriterium og studentrettar (tiltak 1,2,3,4,6,9,10)

Fagskoleutvalet peiker på fråvær av heilheitleg opptakssystem, at fagskolesektoren har fleire aktørar å halde seg til, samt at den har ei uklar rolle i utdanningsssystemet.

Vestlandsrådet støttar etablering av ei nasjonal opptaksforskrift for fagskolen – og at denne vert knytt til samordna opptak, at fagskolelova og studentsamskipsnadslova vert endra slik at studentar og fagskolar vert knytt til samskippnader – slik at studentane sine rettar vert styrka, og at det vert utstedt vitnemål i staden for kompetansebevis.

Vestlandsrådet støtter tiltak 1,2,3,4,6,9,og 10.

2 Synleggjere og auke omdømme til fagskolen (tiltak 5,7,8,11,12)

Fagskoleutvalet meiner at fagskolesektoren er lite synleg og har uklart omdømme.

Utvalet foreslår at synleggjeringa bør skje både gjennom rådgivingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring og gjennom karrieresentra i fylkene. Dette vil og bidra i arbeidet med å auke rekrutteringa til fagskolane.

Ein måte å styrke omdømmet på er å innføre graden fagskolekandidat for oppnådd kompetanse etter to års studiar. Utvikling av overgangsordning mellom fagskole og U/H-sektor er og viktig.

Vestlandsrådet støttar tiltaka, men Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at det blir ei anna benevning enn fagskolekandidat. Benevninga bør henge saman med fagretning, til dømes; fagskolenautikar. Dette vil bidra til å auke attraktiviteten til fagskoletilboda.

Vestlandsrådet støttar tiltak 5,7,8,11 og 12.

3 Eigerskap og regional organisering (tiltak 13,14)

Utvalet foreslår både å regionalisere fagskolane til større, robuste einingar (mellom 5 og 9), samt å føre ansvaret for dei offentlege fagskolane tilbake til staten, noko dei grunnjev med manglande utvikling av sektoren.

Vestlandsrådet er til ein viss grad einig i at det trengs større fagmiljø – men meiner at utvalet sitt forslag er for drastisk – og derfor er vanskeleg å støtte slik det no står. Reduksjon i antall fagskolar må vere eit resultat etter ein prosess der partane i arbeidslivet blir høyrte.

Vestlandsrådet

Å flytte ansvaret for fagskolane frå fylkeskommunen til staten vil etter Vestlandsrådet si meining ikkje automatisk bety at sektoren får eit løft. Det er mykje meir avgjerande for utvikling både av eksisterande og nye tilbod at staten tar eit større ansvar for å finansiere dei reelle kostnadene for dei ulike fagskoletilboda.

Vestlandsrådet meiner at ein må arbeide for å utvikle robuste fagmiljø. Arbeidet med dimensjonering er og enklare med god kjennskap til dei behova næringslivet i fylket har.

Ein statleg overtaking av fagskolen vil gjere det vanskeleg å koordinere tilbodet med næringslivets behov i regionene.

Vestlandsrådet støtter ikkje tiltak 13 og 14.

4 Godkjenning og akkreditering (tiltak 15,16,17,18)

Utvalet foreslår å etablere ei godkjenningsordning bygd på institusjonsakkreditering der akkrediterte fagskoler sjølv kan endre eigne utdanningstilbod innafør statlege finansielle rammer.

Vestlandsrådet slutter seg til desse forslaga då dagens system er for tungrodd og tidkrevjande. Ei slik ordning vil og bety langt færre sjølvstendige fagskoler, då dei små fagskolane vil måtte samarbeide administrativt om ei slik ordning – og dei offentlege fagskolane blir stimulert til nærare samarbeid og administrativ samanslåing der dette er hensiktsmessig.

Vestlandsrådet støtter tiltak 15,16,17 og 18.

5 Organisering og representasjonsordningar (tiltak 19,20,21)

Utvalet forslår her å gjøre tydleg sjølvstende til fagskolen gjennom å markere kor viktig rolla til styret er. Forslaget er omtrent likt ei ordning som og finst i U/H-sektoren.

Vestlandsrådet ser ikkje at dei føreslåtte tiltaka vil bidra til å gjøre fagskolen meir tydeleg, eller til å auke attraktiviteten eller effektivisere drifta. Næringslivet må vere sterkt representert i fagskolestyret og fylkesrådmannen ser ikkje at det er naudsynt med ytterlegare presisering i fagskolelova.

Vestlandsrådet ber om at departementet vurderer om studentar og tilsette skal gis stemmerett i styret.

Vestlandsrådet støtter ikkje tiltak 19,20 og 21.

6 Nasjonale fagorgan og kvalitetsordningar (tiltak 22,23,24,25,26)

For å forsterke samarbeidet med arbeidslivet, og auke oppslutninga om og rekrutteringa til fagskoleutdanning meiner utvalet det er naudsynt at staten tar eit sterkare grep om nasjonale fagorgan. Nasjonalt fagskoleråd bør i større grad enn i dag ha ei rolle i forhold til auka samarbeid med arbeidslivet, og bidra til utforming av politikk på fagskoleområdet. Nokut vert peika på som det organet som bør godkjenne kvalitetssystema til fagskolane.

Vestlandsrådet ser at det er eit behov for styrking av fagskolesektoren gjennom desse organa. Når det gjeld arbeidet med dimensjonering av tilbod blir samansetninga av rådet viktig, likedan samarbeid med regionalt næringsliv.

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet ber om at departementet vurderer om studentar og tilsette skal gis stemmerett i styret.

Vestlandsrådet støtter tiltak 22,23,24,25 og 26.

7 Kompetansekrav (tiltak 27,28,29,30)

Utvalet har ei oppfatning av at fagskolesektoren har for svak utdanningskvalitet, og at den manglar anerkjenning i arbeidslivet generelt. Utvalet meiner derfor at det å styrke skolanes administrasjon og pedagogiske miljø er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten og relevansen til fagskolane. Dei ser for seg at det å ha færre og meir robuste miljø vil være eit verkemiddel i dette.

Vestlandsrådet ser at det er naudsynt for fagskolane å stå fram som utdanningsinstitusjonar med portefølje som er relevant og med høg kvalitet, som dekkjer det arbeidslivet har behov for av kompetanseheving. Fylkesrådmannen er ikkje sikker på om færre miljø aleine vil bidra til dette, men at dei mange små fagskolane spesielt vil ha nytte av større administrative einingar.

Vestlandsrådet støtter tiltak 27,28,29 og 30

8 Finansiering og dimensjonering (tiltak 31,32,33,34,35,36,37,38)

Når utvalet såg på finansiering av fagskolesektoren kom dei fram til at det er liten samanheng i dei ulike finansieringsordningane. Dei meiner at sektoren har utilstrekkeleg finansiering, og at finansieringssystema har ein liten grad av forutsigbarheit. Dette gjer at det er mellom anna er vanskeleg å fremje utvikling av nye tilbod, og å aktivt rekruttere til tilbod.

Vestlandsrådet er einig i utvalet si beskriving av dei negative forholda som følgjer av den mangelfulle og uoversiktlege finansieringsordninga. Det er avgjerande at statleg finansiering dekkjer reell kostnad for dei ulike utdanningane. Fleire fagskolar, som i stor grad tilbyr tekniske og maritime utdanningar, er utstyrsintensive og difor veldig kostnadskrevjande. Fylkeskommunane bruker difor store summar kvart år for å dekkje underfinansieringa, noko som er naudsynt for å oppretthalde eit sterkt fagmiljø. Dette er og viktig for dei kompetansebehova næringslivet i fylket har. Dette er ikkje berekraftig i lengda. Dekning av reelle kostnader og friske utviklingsmidlar er viktig for nyskaping og utvikling av nye tilbod til næringar i vekst.

«Kandidat-studentmodell med utviklingsmidlar» ser ut til å være den modellen som best dekkjer dei behov for fordeling av midlar som er nødvendig i sektoren. Dei tiltaka som er foreslått vil vi stor grad støtte, men understrekar at for å lukkas i arbeidet må fagskolane styrkas økonomisk.

Vestlandsrådet støtter tiltak 31,32,33,34,35,36,37 og 38.

Fagskolene bør:

9 Bidra til synlighet og heilheit (tiltak 39,40,41,42,43)

Utvalet meiner at fagskolane sjølv kan bidra aktivt til dette gjennom å satse på kompetanseutvikling, marknadsføring, hospitering og ulike former for samarbeid med arbeidslivet.

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet er einig i dette, men vil gjerne understreke at dette stiller krav til ei økonomisk styrking av fagskolane då både kompetanseutvikling og marknadsføring kostar.

Vestlandsrådet støtter tiltak 39,40,41,42 og 43

Partane og arbeidslivet bør:

10 Bidra til synlegheit og tydeleggjere behov (tiltak 44,45,46,47,48)

Utvalet meiner at partane ikkje har stilt opp i tilstrekkeleg grad korkje i bruk av fagskolane, eller i å gjere utdanningane kjend. Utvalet trur at danning av fagråd og auking av det regionale samarbeidet vil gje partane betre høve til å engasjere seg tydelegare i fagskolesektoren.

Offentleg sektor har ikkje nytta tilbodet om helsefagskoleutdanning i den grad ein hadde forventa.

Utvalet peiker på at privat næringsliv har hatt eit større engasjement, særleg innanfor dei tekniske faga. Her har samarbeid med dei lokale fagskolene vært godt.

Vestlandsrådet meiner generelt at partane sitt engasjement for fagskolen i fylkene er bra, men at det kan bli enno betre, særleg i høve det å bidra til auke i skoleslaget sin attraktivitet.

Vestlandsrådet støtter tiltak 44,45,46,47 og 48.

U/H-sektoren bør:

11 Sikre hensiktmessig overgang og læringsutbytte (tiltak 49)

Andre kommentarar:

Fagskoleutvalet har i kapittel 8 i NOU-en ein diskusjon om å fortsette med fagskolepoeng, eller innføre studiepoeng i fagskolane. Utvalet er delt i synet på dette, og det kjem fram argument for begge syn.

Vestlandsrådet vil støtte at fagskolene får innføre studiepoeng på linje med anna tertiærutdanning.

Innføring av studiepoeng vil bidra til å auke fagskolens status og attraktivitet og vil gi bedre overgangsordningar i utdanningssystemet.

Konklusjon

Vestlandsrådet slutter seg til dei aller fleste tiltaka i NOU-2014:14 med dei kommentarane som kjem fram under kvart punkt, og meiner at dei vil bidra til utvikling av ein meir heilskapeleg politikk for fagskolesektoren, og sikre ei betre finansiering av tilboda.

Vestlandsrådet støtter ikkje utvalet sitt forslag om overføring av ansvaret for fagskolesektoren til staten, og vil heller ikkje støtte forslaget om ein så kraftig reduksjon i talet på fagskoler som det utvalet legg opp til.

M-sak 5/15 Region/kommunereform. Vedtaka i fylkeskommunene

Sogn og Fjordane

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 28.01.2015

Sak nr.: 14/8441-2

Internt l.nr. 3701/15

Sak: 1/15

Tittel: Uttale i høve førestående regionreform

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til vedtak i fylkesordfører-/rådsleiarkollegiet 5.12.14 og i KS sitt hovudstyre 12.12.14, samt til fylkeskommunane sin eigen rapport «Nye folkevalde regionar - mål, prinsipp og oppgåver» (vedlegg 2), og tilrår at følgjande prinsipp vert lagt til grunn for eit framtidig regionalt folkevald nivå:

1. I Noreg er det behov for eit robust regionalt nivå underlagt direkte folkevald styring som kan ta eit regionalt leiarskap i samarbeid med kommunar, næringsliv og statleg forvaltning.
 2. Det regionale nivået må få eit klårt definert ansvar for dei oppgåver og dei sektorar som er viktige for den regionale utviklinga, og for samordninga av desse oppgåvene med kommunane og staten si verksemd i regionen. Det regionale folkevalde nivå styrkjer demokratiet og inneber maktspreiing.
 3. Det regionale nivået må styrkjast gjennom samordning av sektorinteresser framfor statleg sektorbasert detaljstyring. Oppgåver med regional/lokalt handlingsrom vert best løyste av folkevalde regionar i samhandling med kommunane innafør ramma av nasjonal politikk.
 4. Generalistprinsippet må framleis gjelde for regionalt folkevald nivå.
 5. Folkevalde regionar bør få overført oppgåver frå staten innafør følgjande område:
 - a. Statens vegvesen sitt regionapparat/fylkesavdelingane.
 - b. Kulturrådet og tildelingar til regionale føremål frå Kulturdepartementet.
 - c. Kjøp av regionale jernbanetenester.
 - d. Delar av Forskingsrådet sine program.
 - e. Konesjonsoppgåver og rettleiingsoppgåver frå NVE og annan naturressursforvaltning av regional karakter.
 - f. Dei delar av BUF-etat som ikkje kan leggjast til kommunane.
 - g. Miljø/klima.
 - h. Landbruk.
 - i. Prosjektskjønnsmidlar
- Mange av desse oppgåvene er av ein slik karakter at dei føreset ein annan regional organisering enn den vi har i dag. Ei slik organisering må sjåast i samheng med framtidige endringar i kommunestrukturen.
6. Staten bør som hovudregel organisere si verksemd slik at den korresponderer med den folkevalde regionstrukturen som måtte bli etablert.
 7. Fylkesmannsembeta sine oppgåver bør konsentrerast om kontroll og tilsyn.
 8. Alle avklaringer som gjeld det folkevalde regionale nivå må skje parallelt med tilsvarende avklaringer knytt til kommunestrukturen, jf. Stortinget sin føresetnad av juni 2014. Med dette som utgangspunkt ber Sogn og Fjordane fylkeskommune om at Regjeringa - i den

Vestlandsrådet

stortingsmeldinga som vert fremja våren 2015 - gir si vurdering av dei prinsipp som ligger i dette vedtaket.

9. Prosessen med å vurdere eventuelle endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det einkilde fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten 2016.

10. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at både fylkeskommunane og KS blir trekt aktivt med i det vidare arbeidet med vurdering av oppgåver som skal ligge til det regionale folkevalde nivået.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vidare arbeidet med forvaltningsreformen må sikra at dei oppgåvene som i dag ligg til fylkeskommunane vert ivaretekne på ein god måte, primært ved at oppgåvene vert lagt til kommunane.

Dersom ein framleis skal ha eit regionalt nivå i tillegg til kommunane, bør fylgjande leggjast til grunn: Punkta 2-10 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Avrøysting:

Noralv Distad og Olin Johanne Henden røysta for første setning i framlegget frå Høgre.

Åshild Kjelsnes, Karianne Torvanger, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Punkta 2-10 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

